

ÅRSMELDING FOR NORSK MÅLUNGDOM 2009-2010

1. Innleiing

Norsk Målungdom (NMU) arbeider for at alle i Noreg skal velja å skrive nynorsk i staden for bokmål, og for å styrkja dialektane. Til grunn for målreisinga ligg ein breiare strid for norskdøm, nasjonal sjølvråderett og folkeleg daning. Norsk Målungdom vil organisera ungdom til å føra denne striden.

Sentralstyret og skriarstova i Norsk Målungdom held til i Schweigaards gate 16 i Oslo. Det har ikkje vore ulukker eller sjukefråvere i 2009. Verksemda Norsk Målungdom ureinar ikkje det ytre miljøet. Norsk Målungdom praktiserer likestilling, og er mot diskriminering på grunnlag av språk, kjønn, seksualitet, etnisitet, livssyn eller funksjonshemming.

Landsstyret vurderer det slik at det framleis er grunnlag for vidare drift av organisasjonen. Landsstyret har sett opp årsrekneskapen for 2009 under denne føresetnaden.

Ved utgangen av arbeidsåret 2009–10 hadde Norsk Målungdom 23 lokallag. I 2009 hadde Norsk Målungdom 1276 medlemer. 976 medlemer var under 26 år, sokalla teljande medlemer. Talet på lokallag har gått ned med fire. Medlemstalet har gått ned med 170 medlemer; av desse er 162 teljande medlemer.¹

I 2009 har me starta det viktige Vend vinden-arbeidet med å vinna attende kommunar og skulekrinsar som har bytt vekk frå nynorsk. Me har fått mykje verdifull informasjon om målbyte gjennom Valdres-prosjektet og temadagsprosjektet i Hordaland. Me har òg sett at gjennombrotet i læremiddelsaka i fjor ikkje var nok til å sikra nynorskelevane læremidla dei har krav på. Dette arbeidet held fram, og me er nærare målet enn nokon gong før.

2. Organ i Norsk Målungdom

2.1 Landsmøtet

Landsmøtet 2009 var 27.–29. mars på Eiganes nærmiljøseier i Stavanger. Landsmøtetalen var ved professor Stephen Walton.

Landsmøtet vedtok desse fråsegnene:

- Slepp nynorsken til!
- Ta andsvar og gje oss lærebøkene våre no!
- Mjølkk, berre MÅ ha det!
- Fylg lova, Sandnes!
- NMU krev dialekt på Jærbanen!

¹ Tala i dette avsnittet er enno ikkje reviderte

2.2 Landsstyret

I perioden 2009-10 har desse sete i landsstyret:

Frå landsmøtet til 27. juni

Jens Kihl (leiar)

Maria Svendsen (politisk nestleiar)

Ida Ulrikke Lind Sægrov (organisatorisk nestleiar)

Etter 27. juni

Maria Kristine Svendsen (leiar)

Janne Nygård (nestleiar)

På landsmøtet vart desse valde inn i landsstyret

Kristin Fridtun

Sara Niday

Lars Ola Eide

Merete Kulset

Sara Margrete Straume

Tjerand Haugen Havrevoll

Joakim F. Rønningen

Eirik Tengesdal

Synnøve Midtbø Myking

Maren Veila

Elverum i Hedmark

Sola i Rogaland

Skjåk i Oppland

Årdal i Sogn og Fjordane

Fyresdal i Telemark

Suldal i Rogaland

Skien i Telemark

Bjerkreim i Rogaland

Lindås i Hordaland

Stavanger i Rogaland

1. vara: Sara S. Frøyen

2. vara: Gjermund Midtbø

3. vara: Anne Guro Sture

4. vara: André M. Reite

5. vara: Kristina Leganger

6. vara: Ola Haugen Havrevoll

7. vara: Tone Rossow

Oslo

Bø i Telemark

Stavanger i Rogaland

Skedsmo i Akershus

Bergen i Hordaland

Suldal i Rogaland

Asker i Akershus

Landsstyret er det høgaste politiske organet i Norsk Målungdom mellom landsmøta, og har hatt seks møte i perioden. Møta har vore gode, men oppmøtet har vore merkbart lågare enn førre periode. Mange i landsstyret har vore aktive i ulike nemnder. Landsstyret si deltaking på NMU sine tilskipingar har vore noko varierende.

I perioden har landsstyret vedteke desse fråsegnene

- Noreg har det best utanfor EU
- Eit krafttak for distrikta!
- Slepp minoritetane til!
- Fritt Baskarland!
- Norsk Målungdom krev veto mot datalagringsdirektivet
- Norsk Målungdom krev EØS-NOU no!
- Norsk Målungdom krev veto mot det tredje postdirektivet
- Språkpolitiet kjem!
- Ja til ei fleirspråkleg kyrkje
- Ja til jamstilling!

- Ja til fleirspråklege elevar
- Gjer lærarane til gode språklege førebilete!
- Meir nynorsk filmtekst i framtida!
- Handlingsplan for lærebøker no!

Landsstyret har òg delt ut den årlege dialektprisen. Denne gongen gjekk han til Eli Kari Gjengedal.

Landsstyret sette ned desse nemndene:

Bladstyret

- Kristian Weibye
- Vebjørn Sture
- Eirik Wixøe Sveta
- Trine Østereng
- Mariell Øyre

Bladstyret har ansvaret for å skaffa stoff til og gje ut Motmæle. Leiaren i NMU er ansvarleg redaktør for Motmæle. Sivilarbeidar Kristian Weibye har vore bladstyrar med ansvar for innhald, økonomi og setjing. Motmæle har kome ut med fire nummer sidan førre landsmøte, og har hatt klyppetopp i perioden. Motmæle har stabil økonomi, og får nokre innkomer gjennom lysingar og eksterne tingarar.

Internasjonalt utval

- Birgitta Lim Ersland
- Jens Kihl
- Merete Kulset
- Tone Rossow
- Tjerand Haugen Havrevoll

Internasjonalt utval (IU) har i hovudsak arbeidd med Kviterussland-prosjektet som vart starta i førre periode. Utvalet har òg gjort ferdig og trykt opp EU-heftet.

Studieutvalet

- Bror-Magnus Sviland Strand
- Jostein Avdem Fretland
- Synnøve Midtbø Myking
- Sara Niday
- André Midtskogseter Reite

Arbeidet i studieutvalet har halde fram. Utvalet har mellom anna arbeidd vidare med NMU-skulen.

Studentutvalet

- Janne Nygård
- Kristin Fridtun (SmiN)
- Kristina Leganger (SmiO)

Studentutvalet har hatt kontakt gjennom e-post i perioden.

Økonomiutvalet

- Vebjørn Sture
- Ola Haugen Havrevoll
- Kristina Leganger

Økonomiutvalet har hatt liten aktivitet i perioden.

Strateginemnda

- Eva Holthe Enoksen
- Kristin Fridtun
- Jarle Fagerheim
- Tore-Syvert Haga
- Helene Karlsen

Strateginemnda har hatt eitt møte i perioden. Utvalet har laga ein femårig strategiplan for organisasjonen og fremja strategimål som skal handsamast av landsmøtet i 2010.

2.3 Sentralstyret

På landsmøtet vart desse valde inn i sentralstyret:

Leiar: Maria Kristine Svendsen	Oslo
Nestleiar: Janne Nygård	Jølster i Sogn og Fjordane
Økonomiansvarleg: Vebjørn Sture	Stavanger i Rogaland
Skrivar: Eva Holthe Enoksen	Stavanger i Rogaland
Styremedlem: Birgitta Lim Ersland	Bergen i Hordaland
Styremedlem: Bror-Magnus Sviland Strand	Sandnes i Rogaland
Styremedlem: Jostein Avdem Fretland	Lærdal i Sogn og Fjordane
Styremedlem: Eirik Wixøe Svela	Bjerkreim i Rogaland
Styremedlem: Leif Arne Storset	Tingvoll i Møre og Romsdal
1. vara: Odin Hørthe Omdal	Stavanger i Rogaland
2. vara: Ingebjørg Før Gjermundsen	Os i Hedmark
3. vara: Klaus Kristiansen	Råde i Østfold

Fram til sumarleiren sat desse i sentralstyret:

Leiar: Jens Kihl	Oslo
Politisk nestleiar: Maria Kristine Svendsen	Oslo
Organisatorisk nestleiar: Ida Ulrikke Lind Sægrov	Stavanger i Rogaland
Økonomiansvarleg: Vebjørn Sture	Stavanger i Rogaland
Skrivar: Janne Nygård	Jølster i Sogn og Fjordane
Styremedlem: Birgitta Lim Ersland	Bergen i Hordaland
Styremedlem: Leif Arne Storset	Tingvoll i Møre og Romsdal

1. vara: Odin Hørthe Omdal
2. vara: Sylvia Marita Hovland
3. vara: Klaus Kristiansen

Stavanger i Rogaland
Kristiansand i Vest-Agder
Råde i Østfold

Sylvia Marita Hovland melde seg ut av Norsk Målungdom 9. juni, medan ho framleis sat som vara til sentralstyret.

Sentralstyret har møte kvar tysdag utanom feriane og legg ned eit stort arbeid mellom møta. Arbeidsfellesskapen har jamt over fungert godt. Arbeidet med tilskipingar, målferd og kampanjar har teke store delar av tida. Sentralstyret har prioritert lobbyskolering som studieaktivitet denne perioden. Me har nytta tid på lags- og medlemsoppfølging. Medlemsoppfølginga fungerer fint, men lagsoppfølginga kan verta betre. Me har arbeidd med mediesaker kvar veke det har vore kapasitet til dette.

2.4 Valnemnda

Landsmøtet valde denne valnemnda for arbeidsåret 2009-2010:

- Vebjørn Sture
- Jarle Fagerheim
- Kristin Fridtun

Varafolk

1. Sara Niday
2. Helene Urdland Karlsen

2.5 Skrivarstova

Fram til juli var Janne Nygård tilsett som skrivar i 100 % stilling. Jens Kihl var tilsett som leiar i 15 % stilling. Bror-Magnus Sviland Strand var utplassert som sivilarbeidar. I juli vart Maria Svendsen tilsett som leiar i 50 % stilling. Frå august overtok Eva Holthe Enoksen stillinga som skrivar. Kristian Weibye vart utplassert som sivilarbeidar 18. august.

Skrivarstova har ansvaret for den daglege drifta av Norsk Målungdom. Viktige arbeidsoppgåver er å organisera målferder, praktisk organisering av kurs og konferansar, svara på ulike førespurnader, utsending av tilfang og informasjon til medlemene, lokallagsvitjingar, oppdatering av heimesidene, det daglege økonomiarbeidet, oppdatering av medlemsregisteret og mediearbeid.

3. Dette gjorde Norsk Målungdom i 2009-2010

3.1 Hovudmål

Arbeidsprogrammet for 2009-10, «Vend vinden», vedteke på landsmøtet i Stavanger, har hatt randsonearbeid som hovudprioritering. Gjennom dette arbeidet ynskjer Norsk Målungdom på sikt å styrkja stillinga til nynorsk i område der nynorsken tradisjonelt har stått sterkt, men som er påverka av sterke bokmålscenter.

3.2 Politiske prioriteringar

På landsmøtet vart desse politiske prioriteringane sette opp for arbeidsåret 2009/2010:

1. Vend vinden
2. Nynorsk i politikken
3. Nynorsk i skulen
4. Språk og innvandring

3.2.1 Vend vinden

Gjennom Vend vinden-arbeidet har Norsk Målungdom prioritert randsonene denne perioden. Helga 23.–25. oktober skipa me til Vend vinden-konferansen i Valdres, som la vekt på målbyte- og randsonearbeid. Her gjekk avsparket for Vend vinden-kampanjen, som varar fram til landsmøtet i 2010. I samband med dette hadde me kampanjeskolering på konferansen. Hovudmålet med kampanjen er å vinna attende område der bokmål har teke over for nynorsk, til dømes gjennom å få kommunar til å byta administrasjonsspråk, og gjennom offensive skulemålsrøystingar.

Organisatorisk har sentralstyret prioritert å dra på målferd i randsonene, og til plassar der nynorsken er spesielt utsett. Me har gjennomført vervekampanjen «Vinn venen», men det har vore vanskelegare enn venta å starta opp nye lag i randsonene. Difor har me ikkje klart måla i arbeidsprogrammet på dette området. I samband med Vend vinden-arbeidet vart det sett ned ei strateginemnd som har arbeidd med ein femårig strategiplan og strategimål for organisasjonen.

3.2.2 Nynorsk i politikken

På dette området har me prioritert sidemålsskolering av ungdomspartia sidan det har vore valår. Me har sendt ut skriftleg informasjon om sidemål til ungdomspartia og me har halde innleiing på sumarleirane til KrFU og Unge Venstre. Me har òg vitja sumarleirane til Ungdom mot EU, Sosialistisk Ungdom og Norges Bygdeungdomslag. Me har arbeidd med momsfristaksordninga for nynorskdiskriminerande aviser, men me ser at dette arbeidet må gå ut over perioden sidan det ikkje er semje om spørsmålet i målrørsla. I staden for å arbeida for ein straffeparagraf til den eksisterande mållova, har NMU og Noregs Mållag skolert seg på mållover i andre land, i påvente av at arbeidet med ei ny språklov skal ta til.

3.2.3 Nynorsk i skulen

Nynorsk i skulen er eit viktig arbeidsfelt for NMU kvar periode. Denne perioden har me fylgt med på korleis tiltaka frå regjeringa for å sikra nynorske læremiddel har fungert, og me har arbeidd mykje med målbyte.

3.2.3.1 Sidemål og målbyte

Målbyte og Vend vinden-arbeid har vore noko av det me har lagt ned mest arbeid på i perioden. Me har fått auka kunnskap om målbyte gjennom Valdres-prosjektet til Noregs Mållag. Resultata syner at dei store målbytebylgjene skjer både mellom barneskule og ungdomsskule, og mellom ungdomsskule og vidaregåande. Særleg jenter og elevar som går studiespesialiserande byter hovudmål.

NMU har samarbeidd med Hordaland Mållag og Karmsund Mållag om eit temadagsprosjekt i Hordaland og nokre område i Rogaland. Gjennom prosjektet har me vore på skulevitjingar i mange sjuandeklassar i randsoneområde. Prosjektet kunne diverre ikkje verta so omfattande som me fyrst vona, men me får likevel henta inn mykje informasjon om kva elevane tenkjer om dialekt, nynorsk og målbyte rett før dei sjølve skal velja hovudmål i overgangen til ungdomsskulen. Dette er verdifullt bakgrunnsstoff for eit eventuelt større prosjekt om målbyte. Per-Magnus Finnanger Sandsmark har vore tilsett som ungdomsskrivar for prosjektet i 50 % stilling frå august 2009 til [FYLL INN]. Stillinga og reisekostnader har vore finansierte gjennom Noregs Mållag, lokallag i NMU og Noregs Mållag, i tillegg til ulike kommunar og institusjonar me har søkt om midlar.

I perioden har me sett spørsmål ved kvaliteten på sidemålsundervisninga i fleire medieutspel, men me har ikkje fått prioritert arbeidet med å betra sidemålsundervisninga utover dette. Det vart sendt ut flygeblad til alle tiandeklassingar i nynorskområde der me oppmodar om å halda på nynorsken.

3.2.3.2 Læremiddel

I førre periode hadde me eitt av dei viktigaste gjennombrota på mange år i læremiddelkampen. Seks millionar ekstra kroner til nynorske parallellutgåver og ein «bestillarguide» frå Kunnskapsdepartementet var eit stort framsteg på dette feltet. Etter denne perioden ser me diverre at seks millionar var langt frå nok. Forlaga søkte til saman om [FYLL INN] millionar, og det er difor naudsynt med ein monaleg auke i potten for å sikra læremidla. Kunnskapsdepartementet gav rett nok ut ein bestillarguide, men me har ikkje sett resultat av denne enno. Tal frå bestillarguiden syner at berre halvparten av fylkeskommunane informerte om retten til parallellutgåver då dei tinga lærebøker frå forlaga i 2008.

Me har ikkje prioritert læremiddelarbeid like høgt som me plar denne perioden, av di me har venta på resultat etter tiltak frå Kunnskapsdepartementet i førre periode. NMU og Noregs Mållag har hatt eit godt samarbeid i arbeidet for nynorske læremiddel denne perioden òg.

3.2.3.3 Dialekt i skulen

Eit dialektefte til bruk i ungdomsskulen er gjort ferdig i perioden. Me har trykt opp [FYLL INN] eksemplar av heftet, og det er tilgjengeleg gratis som .pdf-fil for alle skulane som ynskjer å nytta heftet i undervisninga.

3.2.4 Språk, innvandring og internasjonalt arbeid

Dette arbeidsfeltet er ei vidareføring frå førre periode, då nynorsk og innvandring var hovudprioriteten i arbeidsprogrammet. Det er eit viktig arbeid å få på plass nynorske læremiddel for innvandrarar i nynorskområde, og me ser på dette som eit viktig arbeid mot målbyte og fråflytting i desse områda. Me har nytta mest tid på internasjonalt arbeid, der me har hatt eit aktivt internasjonalt utval gjennom heile perioden.

3.2.4.1 Nynorsk, innvandring og morsmål

Morsmålsordskiftet har ikkje vore oppe i denne perioden i like stor grad som i førre periode. Me har prioritert arbeidet med nynorsk for innvandrarar, sidan dette er eit område med langt større manglar enn retten til morsmålsundervisning.

Me har arbeidd opp mot ulike media om nynorsk og integrering, mellom anna gjennom kronikkar, opne brev, lesarbrev og artiklar.

3.2.4.2 Internasjonalt arbeid

I perioden har det internasjonale arbeidet vore høgt prioritert. Me har hatt eit internasjonalt utval som mellom anna har arbeidd med å gje ut eit debatthefte om EU, og halde punkt på fleire tilskipingar om internasjonale spørsmål. IU har òg skrive fleire artiklar i Motmæle og hatt lesarbrev og artiklar på trykk i aviser og medlemsblad i andre organisasjonar.

Jens Kihl, Tjerand Haugen Havrevoll, Synnøve Midtbø Myking og Birgitta Lim Ermland var på studietur til Kviterussland i desember 2009. Her fekk me knytt kontakt med ungdomsorganisasjonen Historica. Turen var ein del av arbeidet med å starta opp eit samarbeidsprosjekt med ein kviterussisk organisasjon.

Jens Kihl har vore medlem i den norske UNESCO-kommisjonen i perioden, og reiste som ungdomsdelegat på UNESCO Youth Forum i Paris i oktober 2009. Han var òg ungdomsdelegat frå Noreg til møte i Dei sameinte nasjonane (SN) i New York. Jens Kihl har òg vore med i referansegruppa for det norske presidentvervet i International Bureau of Education (IBE), og sete i arbeidsgruppa for SN-spørsmål i LNU. Birgitta Lim Ermland har vore med i arbeidsgruppa for Europa-spørsmål i LNU i perioden.

Me har hatt eit tett samarbeid med Ungdom mot EU (UmEU) i perioden. Me heldt helsingstale på landsmøtet deira i januar 2010, me har delteke i samarbeidsforumet til UmEU og vore med på å skipa til «Nei-fest» for å feira at det er 15 år sidan Noreg røysta nei til EU.

På sumarleiren hadde me innleiing og omvising med innleiarar frå ein annan språk- og kulturorganisasjon, om skogfinnar ved Norsk Skogfinnmuseum, og omvising på avdelinga for tatarkultur, Latjo Drom, på Glomdalsmuseet.

4. Organisasjonen

4.1 Målungdomslag

Lokallaga er grunnplanet i organisasjonen, og har ulike funksjonar og arbeidsfelt.

I perioden har me hatt desse laga:

Akershus

Asker og Bærum Målungdom

Hordaland

Bergen Målungdom

Studentmållaget i Bergen

Kvinnherad Målungdom

Bømlo Målungdom

Oppland

Luggum Målungdom (Lesja og Dovre)

Oslo

Målungdomen i Oslo

Katta Målungdom

Studentmållaget i Oslo

Rogaland

Jæren Målungdom

Målsiddisane (Stavanger)

Kongsgård Elevmållag

Midtbygdas Målungdom (Strand kommune)

(Dalane Målungdom, lagt ned sumaren 2009)

Sogn og Fjordane

Firda Målungdom (Sandane)

Årdal Målgerilja

Førde Målungdom

Sør-Trøndelag

Studentmållaget i Nidaros

Flå Mållag

Målungdomen i Nidaros

Telemark

Bø Målungdom

Studentmållaget i Rauland

Vest-Agder

Agder Målungdom

Studentmållaget i Kristiansand

4.1.1 Skulelag

NMU har lag i halvparten av fylka i landet. Talet på lag har gått litt opp sidan i fjor, men laga er mindre politisk aktive lokalt enn dei har vore før. Sentralstyret vurderer det som at laga treng meir oppfølging og politisk standardmateriale frå skrivarstova for å engasjera seg lokalpolitisk. Mange av laga har vore organisatorisk aktive i perioden, med mellom anna regional samling og studiepunkt.

4.1.2 Studentmållag

I perioden har me hatt fem studentmållag med varierende aktivitet. Dette er noko lågare enn me har hatt før. Studentmållaga gjer eit viktig arbeid for rettane til nynorskstudentar på universitet og høgskular i heile landet, og dei sit på mykje kunnskap som NMU kan gjera seg nytte av. 13.–14. februar skipa Studentmållaget i Oslo til Studentsamling på Chateau Neuf i Oslo.

4.2 Organisasjonsbygging

4.2.1 Lagsbygging

Det vart skipa tre nye lag i perioden. To av desse var studentmållag. Dette er ein nedgang frå året før med tre lag. Me ser likevel at talet på lag er stabilt sidan størsteparten av laga me har no, har vore aktive over ein lengre periode. Me nådde ikkje målet om 32 lag i perioden.

4.2.2 Verving

Vervekampanjen «Vinn venen» gjekk frå skulestart til Vend vinden-konferansen i oktober. Kampanjen var godt planlagt, men fekk ikkje det venta resultatet av di mange av dei aktive medlemene våre var opptekne med valkamp. I desember laga sentralstyret til ein ekstra vervekampanje for å få fleire medlemer innan utgangen av 2009. Til saman gav desse kampanjane oss 125 nye betalande medlemer. Gjennom året var det 767 personar som melde seg inn eller bad om informasjon frå oss, mot 1098 i 2008. 215 av desse svara medlemspengar, mot 454 i 2008. Me nådde ikkje målet om 1400 teljande medlemer.

4.2.3 NMU-skulen

Sentralstyret har hatt fleire studiemøte i perioden, og me har hatt studiepunkt på landsstyremøta. Skulering er viktig for organisasjonen, og dette arbeidet burde vore prioritert endå høgare. Nokre lokallag har hatt studiemøte, men sentrallekken burde ha vore flinkare til å spreia det studietilfanget me allereie har. Me har ikkje nådd målet om minst eitt studiemøte i kvart lag. Arbeidet i studieutvalet har halde fram.

4.3 Informasjonsarbeid

4.3.2 Pressearbeid

Gjennom heile året er det gjort mykje pressearbeid.

Me har fått mest dekninga desse sakene

- Nynorsk diktafon for lækjarar
- Utspel mot Unge Høgre i valkampen
- Den nye regjeringsplattforma
- Dialektprisen
- Enklare å klaga på eksamen
- For lite nynorsk i ungdomsskulebøker

Me har arbeidd med mediasaker kvar veke utanom jol og fellesferien. På Vend vinden-konferansen hadde me medietreningskurs for alle deltakarane, og me har hatt lesarbrevkurs på eitt landsstyremøte i perioden.

Me har vedteke mellom to og seks medierelevante fråsegner på kvart landsstyremøte, og Motmæle har hatt klyppetopp i perioden. Diverre har lokallaga vore lite i media, so klyppetoppen har ikkje hatt nokon særskild funksjon. Dette kan verta betre om sentralstyret får betre rutinar på å senda ut standardlesarbrev til lokallaga, som dei kan nytta i lokale media.

4.3.2 Motmæle

Motmæle er medlemsbladet til Norsk Målungdom. Utetter skal bladet gje eit best mogleg

inntrykk av organisasjonen til dei som ikkje er medlemmer, og innetter skal det skapa identitet og tilhøyrse hjå medlemene. Bladet skal vera eit organ for ordskifte, gje informasjon om kva som skjer i organisasjonen og skolera medlemene i ulike språk- og kulturpolitiske spørsmål. Det har kome ut fire nummer av Motmæle i perioden. Maria Svendsen sat som bladstyrar fram til sumaren, då sivilarbeidar Kristian Weibye overtok.

4.3.2 Målferd

Å reisa på målferd er noko av det viktigaste Norsk Mål ungdom gjer. Målferd er skulevitjingar på ungdomsskular og vidaregåande skular, der NMU har ein eller to timar i kvar klasse. Me legg fram synspunkta våre, ordskiftast og utfordrar elevane. Me får høve til å nå ut til store grupper ungdom, og me vervar mange på målferd.

Det er mest sentralstyret og skrivekstova som reiser på målferd, men andre folk har òg reist. Det er viktig at endå fleire i organisasjonen er med på målferd. For å læra opp nye målfararar hadde me eit målfararkurs på sumarleiren. I arbeidsåret 2009–10 har me vore på målferd på 33 skular, der fem av desse var ungdomsskular. Det er òg verdt å nemna at me har vore fleire gonger på nokre av skulane.

I perioden har me vitja desse skulane:

Hordaland

Ågotnes skule
Langhaugen vidaregåande skule
Bergen katedralskule

Rogaland

Gjesdal skule
Vikedal ungdomsskule
Ølen vidaregåande skule

Møre og Romsdal

Volda vidaregåande skule
Ørsta vidaregåande skule
Ulstein vidaregåande skule
Herøy vidaregåande skule
Vanylven vidaregåande skule

Aust-agder

Kristen vidaregåande skule sør avd. Bygland
Valle vidaregåande skule

Vest-Agder

Kristiansand katedralskule Gimle

Oslo

Ullern vidaregåande skule
Holtet vidaregåande skule
Grefsen vidaregåande skule

Lambertseter vidaregåande skule
Bjerke vidaregåande skule
Fagerborg vidaregåande skule
Elvebakken vidaregåande skule

Akershus

Mailand vidaregåande skule

Buskerud

Ål vidaregåande skule
Gol vidaregåande skule

Telemark

Søve vidaregåande skule

Oppland

Valdres vidaregåande skule
Vågå ungdomsskule
Lesja skule
Otta vidaregåande skule

Sør-Trøndelag

Øya vidaregåande skule
Melhus skule
Orkdal vidaregåande skule
Trondheim katedralskule

4.3.2 Verdsveven

Norsk Målungdom driv den nynorske nyhendesida nynorsk.no, har egne heimesider på malungdom.no og driv ei side om minoritetsspråk i Norden. Me har hatt egne sider til sumarleiren, www.sumarleir.no; til vend vinden-konferansen, www.vendvinden.no; til vinterleiren, www.nynorsk.no/nmu/tilskip/vl2010/; og til landsmøtet, www.nynorsk.no/nmu/tilskip/landsmote10. nynorsk.no fungerer godt som ei nyhendeside om nynorsk og målsak, og tilskipingssidene har fungert godt til å få fram budskapen me ville formidla.

Heimesidene som har lege ute i perioden, er ikkje gode nok. Me har ei vevsidenemnd som snart avsluttar arbeidet med nye heimesider. I november vart tenaren vår utsett for innbrot, slik at heimesida som låg ute vart sletta. Me fekk raskt opp nye, provisoriske heimesider.

4.3.3 Elektroniske nyhendebrev

Me har ikkje laga eit system for elektroniske nyhendebrev på grunn av tekniske problem.

4.3.4 Tilfang

I perioden har NMU produsert ”eg [hjarte] nynorsk”-t-skjorter og Ivar Aasen-boksarshortsar.

4.4 Kurs og tilskipingar

Kurs og tilskipingar styrkjer organisasjonen og er ein god møteplass for både nye og gamle medlemmer. Dette er den viktigaste plassen for skoloring av medlemmer, og det er i hovudsak gjennom tilskipingar me får fleire aktive medlemmer. I perioden 2009–10 har Norsk Målungdom sentralt skipa til vinterleir, sumarleir og Vend vinden-konferanse. Alle desse har fått gode deltakarkritikkar.

4.4.1 Vend vinden-konferanse

23.–25. oktober skipa NMU til Vend vinden-konferansen i Valdres. Det var lågt oppmøte med kring 35 deltakarar på seminaret. Dei fleste av desse var nye aktivistar. Konferansen vart blesta gjennom e-post, ringing, SMS og Facebook. Programmet var variert med vekt på målbyte og strategi for organisasjonen frametter. Målet med konferansen var å skolera og førebu organisasjonen til Vend vinden-kampanjen.

4.4.2 Sumarleir

Sumarleiren var 24.–28. juni i Elverum i Hedmark. Det var kring 40 deltakarar på sumarleiren. På programmet var det mellom anna punkt om nynorsk og verda, nynorsk i politikken, strategi, skogfinnar og målbyte. Tradisjonelle innslag som Den store NMU-melodikappleiken og fotballturneringa var òg med, og vart sette pris på. Sumarleiren var ei vellukka tilskiping, med både nye og gamle aktivistar og eit variert program. Det fungerte godt å ha leiren i innlandet. Me nytta høvet til å vitja Glomdalsmuseet og til å bada i Glomma.

4.4.3 Vinterleir

Vinterleiren vart lagd til Bø i Telemark 22.–24. januar. Det var godt oppmøte med i overkant av 30 deltakarar. Det var fleire påmelde før leiren, men nokre melde seg av. Leiren vart blesta gjennom e-post, SMS, Motmæle og Facebook. Me hadde mellom anna landsmøteførebuingkurs, punkt om EU-heftet og lokallagsstafett. Det fungerte godt å ha leiren i nærleiken av Oslo, og det var spesielt mange som kom frå Oslo.

4.4.4 Studentsamling

Studentsamlinga vart skipa til av Studentmållaget i Oslo 13.–14. februar.
[FYLL INN]

4.4.5 Regionale tilskipingar

Asker og Bærum Målungdom skipa til regional samling saman med Katta Målungdom og Målungdomen i Oslo 20. april. Det vart ei vellukka samling med dialekt og dialektidentitet i Oslo og Akershus som tema.

4.5 Noregs Mållag

Landsmøtet valde Maria Svendsen til representant i styret til Noregs Mållag med Eirik Wixøe Svela og Leif Arne Storset som varafolk. Birgitta Lim Ermland har vore representanten til Norsk Målungdom i landsrådet til Noregs Mållag, med Synnøve Midtbø Myking og Jens Kihl som varafolk. Til valnemnda i Noregs Mållag vart Bror-Magnus Sviland Strand vald som NMU-representant med Eva Holthe Enoksen og Janne Nygård som varafolk.

Norsk Målungdom har hatt eit godt samarbeid med Noregs Mållag i perioden. Me deler kontor med Noregs Mållag, som fører til tett kontakt, og dei dekkjer mange utloger for oss. Me har samarbeidd om fleire politiske saker, og freistar koordinere oss opp mot styresmakter, media og liknande.

4.6 Organisasjonskultur

Norsk Målungdom kjøper inn økologisk mat so langt økonomien tillet det. Me har ikkje kjeldesortering på skrifvarstova, av di huseigar ikkje vil etablere det. Me har hatt jente- og guteføremøte på sumarleiren, Vind vinden-konferansen og på vinterleiren. Å ha jamvekt mellom kjønna har vore viktig for arbeidet med å finna innleiarar til tilskipingar og liknande. For det meste ber Norsk Målungdom preg av god organisasjonskultur.

5. Økonomi

Økonomien er i stadig betring. Råmevilkåra er framleis tronge, men stabiliteten er betre enn på mange år. Den daglege økonomistyringa har vore prega av struktur, kontroll og nøktern pengebruk, noko som igjen gjer det lettare å styra økonomien i berekraftig lei frametter. Norsk Målungdom har framleis stor gjeld til staten. Attendebetalingsavtalen med Statens Innkrevjingsssentral er fornya, og sett at me får halda på desse vilkåra til gjelda er nedbetalt, lyt me framleis gå med nærare 300 000 kroner i driftsoverskot i fleire år framover.

Vebjørn Sture
økonomiandsvarleg

Eva Holthe Enoksen
skrifvar

Maria Kristine Svendsen
leiar

Janne Kristin Svarstad Nygård
nestleiar

Bror-Magnus Sviland Strand
styremedlem

Eirik Wixøe Svela
styremedlem

Birgitta Hsiu Lan Lim Ersland
styremedlem

Leif Arne Storset
styremedlem

Jostein Avdem Fretland
styremedlem